



# Rovviltneemnda i region 1

Vestland, Rogaland og Agder

Rovviltneemnda region 1

Dykkar ref:

Vår ref.:  
2025/15507

Arkivnr.:  
433.52

Dato:  
27.10.2025

## Møteprotokoll rovviltneemnda region 1 måndag 27.10.2025

**Frå rovviltneemnda deltok:** Noralv Distad, Hanne Marte Vatnaland, Trude Brosvik og Kine Bratli Dale. Kai Steffen Østensen og vara Mirell Høyer-Berntsen er gått ut av neemnda og det er førebels ikkje oppnemnd nye representantar frå Agder.

**Frå sekretariatet:** Hermund Mjelstad

**Frå Statsforvaltaren i Vestland:** Panida Boonyasirichai

**Frå Statens naturoppsyn:** Rein-Arne Golf

## Sak 11/2025 Jakt på gaupe i region 1 i 2026. Vurdering av kvotefri jakt.

### Saksopplysningar

Faggrunnlaget er noko usikkert sidan familiegrupper av gaupe blir registrert/talt opp i perioden 1. oktober til 28 (29) februar. Registreringane er avhengig av gode sportilhøve og for region 1 er det sjeldan stabile tilhøve før nyår. Bestandstala for heile landet kan difor endre seg frå i dag og til gaupejakta startar 1. februar 2026.

**Tal frå Rovdata viser at gaupebestanden er høgre enn dei siste åra og er godt over det nasjonale bestandsmålet på 65 familiegrupper.** Rovdata rekna med det ville vere 91 familiegrupper i landet før kvotejakta starta 1. februar 2025, mot 79 familiegrupper året før og 76 familiegrupper året før det.

Den regionen som har størst innverknad på region 1 er region 2 (Aust-Agder, Telemark, Buskerud og Vestfold) som og har auke i tal familiegrupper, og dei ligg over bestandsmålet for regionen. Tala for heile landet er det høgste talet på familiegrupper sidan 2008/2009.

På Raudlista over trua arter er gaupe plassert i kategorien sterkt trua. Hovudgrunnen var (i 2021, som i 2015) tilbakegang i Sverige som betyr mindre innvandring til Noreg. Etter denne

Postadresse:  
Rovviltneemnda i region 1  
c/o Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Leiar for rovviltneemnda:  
Noralv Distad  
Vinjavegen 1, 5745 Aurland  
Telefon: 91374976

Sakshandsamar:  
Hermund Mjelstad  
Telefon 57643124

Noralv.Distad@vlfk.no  
<http://www.statsforvaltaren.no/vl>

[fmsfhm@fylkesmannen.no](mailto:fmsfhm@fylkesmannen.no)

Rovviltneemnda region 1  
<https://prosjekt.fylkesmannen.no/Rovviltneemnda-region-1/>

tid har bestanden i Sverige gått opp og ned, og er i år på 234 familiegrupper. Totalt er det i storleik ca. 540 gauper (auke på 75 dyr frå i fjor) i Noreg og ca. 1367 (opp 91 dyr) i Sverige i år. På bakgrunn av den relativt svake bestanden i Noreg blir gaupe framleis vurdert som sterkt trua.

I region 1 er det ikkje fastsett nasjonale mål for gaupe, og nemnda vil difor alltid ha mynde til å vedta gaupejakt. Etter rovviltforskrifta skal gaupejakta vere kvoteavgrensa, men det kan gjerast unntak ved å fastsette kvotefri jakt i visse høve, jf. forvaltningsplanen.

Rovviltnemnda har kvart år, unnateke 2023, vedteke kvotefri jakt på gaupe i heile regionen, med hovudgrunn at det nasjonale bestandsmålet ikkje var nådd i 2022/2023. Det skal ikkje vere automatikk i at nemnda vedtek kvotefri gaupejakt kvart år, men det skal gjerast ei vurdering opp mot nasjonale bestandsmål og anna faglege vurderingar frå overvåkingsprogrammet for rovvilt som blir publisert av Rovdata. Jakttida for gaupe er februar og mars.

### Vurdering

Sekretariatet vil for 2026 tilrå kvotefri jakt i regionen. Når tal familiegrupper av gaupe aukar i tilgrensande regionar (og i heile landet totalt) vil førekomssten av gaupe óg kunne auke i region 1. Skadepotensialet er stort i regionen, og vi er den regionen med flest sau på utmarksbeite. Det er uansett låg terskel for å tildele skadefellingsløyve på gaupe som gjer skade i beitesesongen. Det er i 2024/2025 registrert ei familiegruppe i region 1, i Årdal kommune. Dette er svært uvanleg i Vestland. Familiegruppa nyttar område i Årdal og Luster i gml. Sogn og Fjordane fylke.

Bestanden i regionen er elles liten, og det er i hovudsak streifande hanndyr, med få unnatak, som blir felt. Dersom gaupebestanden går under bestandsmålet for landet, og/eller i våre tilgrensande regionar, vil det vere naturleg at nemnda vurderer kvotejakta på nytt. Slik status er per i dag er dette ikkje tilfelle.

I rovbasen er det registrert 2 gaupeskader i 2025, i Årdal kommune. Det er ikkje søkt om, eller tildelt skadefellingsløyve på gaupe i regionen i år. Av observasjonar er det 16 stk. registrert i Rovbasen, alle frå Årdal og Luster kommune. Alle observasjonar er dokumenterte.

Naturmangfaldlova § 8 viser til at offentlege avgjerder så langt det er rimeleg skal bygge på vitskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon. Kunnskapen om bestanden av gaupe i Noreg er god, og er etter vårt syn, tilstrekkeleg til å kunne fastslå at kvotefri jakt i region 1 ikkje vil ha avgjerande verknad på det nasjonale bestandsmålet. På grunnlag av den spesielle forvaltningsmessige situasjonen som region 1 har, utan fastsett bestandsmål for gaupe, finn vi at naturmangfaldlova § 9 -12 og § 16 ikkje krev særskilte vurderingar her. Når det nasjonale bestandsmålet er nådd med veldig god margin, er det rimeleg å anta at kvotefri jakt i region 1 ikkje vil ha negative konsekvensar for bestanden. På denne bakgrunn vil derfor sekretariatet rå til kvotefri jakt i 2026.

På kvotejakta blir det felt om lag ein gaupe eller to kvart år, også hogauper, dei aller fleste i den sørlege delen av regionen. Dette er naturleg i og med at dei fleste gaupene vil vandre inn frå tidl. Aust-Agder. Felling av hogauper vil, når det nasjonale bestandsmålet ikkje er nådd, kunne verke direkte inn på det nasjonale bestandsmålet. Siste året det vart felt gaupe i regionen vår var i 2025 i Hægebostad (1), og før det, i 2021 i Hægebostad (1) og i 2021 i Lindesnes (1).

Konsekvensane av kvotefri gaupejakt vil truleg vere at skadeomfanget held seg lågt, som er i tråd med vedteken politikk. Regionen bidreg heller ikkje til å auke eller minske den totale gaupebestanden i landet.

*Uansett vedtak så må vedtaket spegle m.a. rovviltforliket, der Miljøverndepartementet i 2011 presiserte følgjande:*

**«Uttak i prioriterte beiteområder**

*Av rovviltforliket i 2011 fremgår det at uttak av dyr som gjør skade på beitedyr i prioriterte beiteområder skal gjøres raskt, og at i slike områder skal miljøforvaltningen i større grad enn i dag bidra til å effektivisere slikt uttak. Videre fremgår det at det ikke skal være rovdyr som representerer et skadepotensial i prioriterte beiteområder for husdyr og kalvingsområde for tamrein.»*

**«Arealdifferensiering**

*Av rovviltforliket i 2011 fremgår det at soneinndelingen må forvaltes tydelig. Det vil si at det skal være forvaltningsmessig ulik praksis i henholdsvis prioriterte rovviltområder og prioriterte beiteområder. Et prioritert beiteområde er de deler av en forvaltningsregion hvor rovviltneemnden ikke ønsker etablering av yngling av rovvilt, og områder hvor beitedyr følgelig skal gis tydelig prioritet fremfor rovvilt. I prioriterte beiteområder skal det praktiseres en lav terskel for tillatelse til uttak av rovvilt for å avverge skade på husdyr og tamrein, jf. også omtale i punktet over om uttak av rovvilt i prioriterte beiteområder.»*

Fylka i region 1 praktiserer låg terskel for uttak av skadegjerande individ, i tråd med dei føringane som ligg til grunn her.

**Framlegg til vedtak**

- 1. Rovviltneemnda opnar for kvotefri jakt på gaupe i heile Region 1 i 2026. Jakttid er 1. februar til 31. mars. For utøving av jakta gjeld reglane i viltlova med tilhøyrande forskrifter.**
- 2. Felling eller forsøk på felling skal så snart som råd meldast til Statsforvaltaren. Felte dyr skal dessutan framsynas til Statens naturoppsyn for prøvetaking m.v. med opplysning om kjønn, alder, tidspunkt for felling og fellingsstad.**
- 3. Fangst av gaupe skal utøvast etisk forsvarleg og i samsvar med reglane for bruk av fangstreiskap. Bruk av fangstreiskap krev godkjenning frå Statsforvaltaren.**
- 4. Rovviltneemnda kan til ein kvar tid gjere om vedtaket dersom ny informasjon ligg føre.**

**Vedtak: Samrøystes vedteke.**

**Klagerett**

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klaga skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

**Orienteringssak**

Rein-Arne Golf, rovviltansvarleg for Vestland i region 1, orienterte om status for jerv og gaupe i regionen. Etter uttaka av jerv i sør i vinter med til saman 8 dyr ( i kommunane Suldal, Bykle, Vinje og Tinn) er det framleis nokre individ att i denne delen av region 1 og 2. Det har vore lite påviseleg aktivitet på sjølve Hardangervidda, men aktiviteten har vore lengre sør. På slutten av beitesesongen vart det dokumentert jerveskade i Hjelmeland kommune. Elles i regionen er det ein usikker jerveskade i Etne kommune, ein sikker jerveskade i Voss kommune og fleire jerveskader i Stryn og Luster kommunar. Det er registrert nokre fleire jerveindivid i nordområda enn i sør. For gaupe er status framleis to dokumentert skader i Årdal kommune tidleg i sesongen. Her har det og vore dokumentert familiegruppe i år.

**Beitesesongen 2025 kort oppsummert.**

Roleg beitesommar fram til august. Etter dette skade av jerv i Stryn, Luster, Voss, Etne og Hjelmeland. Nokre meldingar om høge tap, men utan at det kan knytast til spesielle rovviltførekomstar. I tillegg meldingar om tap til kongeørn, men utan spesiell dokumentasjon. I heile regionen har SNO registrert 13 kongeørnsaker, av desse er ein brukar i Årdal kommune oppført med tre saker.

**Møteplan 2026:** 16. mars, 8. juni, 26. oktober. Blir sendt ut som kalenderinvitasjon.

**Møteteknisk**

Møtetid: 1 time

Førebuing: 1 time

Med helsing

Noralv Distad

leiar

Rovviltnemnda region 1

91374976



**Rovviltnemnda i region 1**  
**Vestland, Rogaland og Agder**

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

- Statsforvaltarane i Region 1
- Klima- og miljødepartementet
- Miljødirektoratet
- SNO v/Rein Arne Golf og Jon Erling Skåtan
- Mattilsynet
- Vestland Bondelag
- Rogaland bondelag
- Agder Bondelag
- Sogn og Fjordane sau- og geit
- Hordaland sau- og geit
- Rogaland sau- og geit
- Vest-Agder sau- og geit
- Naturvernforbunda i region 1
- WWF
- Foreningen Våre Rovdyr
- NOAH - for dyrs rettigheter
- Aktivt rovdryrvern
- Norges Miljøvernforbund
- Sogn og Fjordane jeger- og fisk
- Hordaland jeger- og fisk
- Rogaland jeger- og fisk
- Vest-Agder jeger- og fisk
- Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag
- Hordaland bonde- og småbrukarlag
- Rogaland bonde- og småbrukarlag
- Vest-Agder bonde- og småbrukarlag

Adresseliste rovviltneemnda medlemar pr. e-post:

Noralv Distad, leiar [noralv.distad@vlfk.no](mailto:noralv.distad@vlfk.no)

Trude Brosvik, [trude.brosvik@vlfk.no](mailto:trude.brosvik@vlfk.no)

Kine Bratli Dale, [kine.bratli.dale@vlfk.no](mailto:kine.bratli.dale@vlfk.no)

Hanne Marte Vatnaland, nestleiar [hanne.marte.vatnaland@rogfk.no](mailto:hanne.marte.vatnaland@rogfk.no)

Varamedlemar:

Sigbjørn Framnes, [sigbjorn.framnes@vlfk.no](mailto:sigbjorn.framnes@vlfk.no)

Sigrid Brattabø Handegard, [sigrid.brattabo.handegard@vlfk.no](mailto:sigrid.brattabo.handegard@vlfk.no)

Karianne Alette Torvanger, [karianne.alette.torvanger@vlfk.no](mailto:karianne.alette.torvanger@vlfk.no)

Reid Ivar Bjorland, [reid.ivar.bjorland@rogfk.no](mailto:reid.ivar.bjorland@rogfk.no)